

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 13.08.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Ingrid Stranden Haavik, Jon-Harald Huus, Veslemøy Mjelde, Guri Bugge, Inga Abraham og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes,
Referent: Kaia

Sak 2024/41: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2024/42: Godkjenning av referat frå styremøte 11.06.2024. Godkjent

Sak 2024/43: Eigedomar:

- Vestfasaden på den raude delen av kulturhuset er ferdig malt før ferien. Maling av sør- og eventuelt aust fasaden kan no halde fram, setja opp stillas på sørveggen. Me legg ut dugnadstidspunkt på FB og håpar at nokon kan vera med.
- Me ventar på nytt informasjonsskilt for helleristningsfeltet frå fylkeskommunen, purre for å høyre kor saka står.
- Montere sklisikring i hovudtrappa mellom underetasje og 1. etasje, Sigmund er på saka.
- Utbetre avvik etter tilsyn på leikeapparat i gamle barnehagen, montere fallmattar mellom gummidekke og mur under to leikeapparat. Prøve å få til ein dugnad i haust.
- Utbetre avvik (jordfeil) etter el-tilsyn ved Hardanger Energi på kulturhuset. Elektrikar utbetrar avviket i veke 33.

Sak 2024/44: Tilstellingar:

- Haustmarknad i samarbeid med Herand Handel 21.09.2024. Invitasjon og plakat er sendt ut. Alle produsentar av mat og handverk er velkomne med. Påmelding til Bergljot i butikken.
- Evaluering etter jonsokarrangement. Gode tilbakemeldingar og bra med folk. Kjekt med fotballturnering. Takk til laga som sytte for feiringa!
- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen vert tysdag 22. oktober kl. 19.00 på Herand kulturhus. Invitasjon og plakat vert sendt ut. Fokus på besøksstrategi. Me prøver å få nokon til å kome med ein innleiing på tema. Alle velkomne.

Sak 2024/45: Økonomi:

Kasserar meldt forfall, punktet utsett til neste møte.

Sak 2024/46: Andre saker/eventuelt:

- Utsett sak frå førre styremøte: Eventuell ny status vedkomande elbilladar, ved Guri. Lite sannsynleg at ein får til hurtiglading i Herand grunna for kort avstand til etablerte ladarar. Normallading – her har fylkeskommunen eit tilskot på kr 10.000,- pr ladeuttak som HB kan søke. Me hentar inn pristilbod på 4 normalladarar tilkople trafo ved kulturhuset.
- Er det mogleg å tilby skilag overnatting i Herand kulturhus eller andre lagshus? Det er stor etterspurnad etter overnatting i sommarsesongen. Me kan sjekke ut lover/regler og så ta saka med til oppsummeringsmøtet for turistsesongen 22. oktober.

Neste styremøte tysdag 10.09.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.